

Læreplan i kunst og handverk

Dette er ei omsetting av den fastsette læreplanteksten. Læreplanen er fastsett på bokmål.

Fastsett som forskrift av Kunnskapsdepartementet 15.11.2019.
Eksamensordning fastsett av Kunnskapsdepartementet 29.06.2020.

Gjeld frå 01.08.2020

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Kunst og handverk er eit sentralt fag for praktiske ferdigheiter, kreativitet og refleksjon over visuell og materiell kultur. Gjennom å delta i estetiske prosessar skal elevane få erfaring med å førestille seg det som enno ikkje er, og eit grunnlag for å medverke i kultur- og samfunnsutvikling. Faget skal førebu elevane på eit kvardags- og arbeidsliv som stiller krav om innovasjon, praktiske ferdigheiter og evne til å gjere estetiske og etiske val. Samarbeid med lokalt kultur- og næringsliv skal bidra til å knyte det skapande arbeidet elevane gjer, til aktuelle problemstillingar.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnet for opplæringa. Skaparglede, utforskartrung og ansvarleg medverknad er grunnleggjande verdier for samfunnet og individet. Kunst- og kulturuttrykk løftar fram nye perspektiv og har betydning for den personlege utviklinga til den enkelte. Elevane skal få erfaring med eit variert spekter av norsk, samisk og internasjonal kunst, design og handverk. Felles referanserammer og toleranse for kulturelt mangfald blir skapt gjennom refleksjon over korleis identitet kjem til uttrykk i bilete, kunst, arkitektur og gjenstandar. Kunnskap om og erfaring med kunst- og handverkstradisjonar og immateriell kultur gir grunnlag for å forvalte og vidareutvikle kulturarv og ta vare på omgivnadene sine.

Kjerneelement

Handverksferdigheiter

Kjerneelementet handverksferdigheiter inneber at elevane skal utvikle handlag, praktiske ferdigheiter og uthald ved å bruke ulike reiskapar og materiale. Elevane skal utvikle forståing for eigenskapar, funksjonalitet og uttrykk til materiale gjennom eige skapande arbeid. Dei skal bruke harde, plastiske og mjuke materiale og digitale verktøy på ein etisk, miljømedviten og trygg måte gjennom heile skuleløpet.

Kunst- og designprosessar

Kjerneelementet kunst- og designprosessar inneber at elevane skal utvikle nysgjerrigheit, kreativitet, mot, skaparglede, uthald og evne til å løyse problem. Kjerneelementet legg vekt på både opne og utforskande prosessar, og stegvise prosessar med utvikling og innovasjon som mål.

Visuell kommunikasjon

Kjerneelementet visuell kommunikasjon inneber at elevane skal kunne lese, forstå og bruke det visuelle språket. Utvikling av teikneferdigheiter er her heilt grunnleggjande for å kunne kommunisere idear, erfaringar, budskapar og samanhengar. Elevane skal bruke visuelle verkemiddel medvite og eksperimenterande i todimensjonale, tredimensjonale og digitale uttrykk.

Kulturforståing

Kjerneelementet kulturforståing inneber at elevane skal utforske samtidig visuell kultur og kulturarv frå ulike verdsdelar som kjelde til opplevingar og inspirasjon til eigen skapande praksis. Elevane skal møte døme på og reflektere over korleis kunst, handverk og design speglar og er med på å forme kultur, samfunnsutvikling og identiteten til folk. Kunnskap om visuell og materiell kultur gir grunnlag for å ta medvitne val som forbrukar og medborgar og i eige skapande arbeid.

Tverrfaglege tema

Folkehelse og livsmeistring

I kunst og handverk handlar det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring om at elevane utviklar evne til skapande tankeprosessar og praktisk problemløysing. Elevane opparbeider praktiske ferdigheiter og evne til å stille spørsmål, møte utfordringar i kvardagen og sjå moglegheiter i ukjende situasjonar. Elevane får verktøy til å utforske meiningar, idear og kjensler og til å uttrykkje seg gjennom ulike format og arenaer. Arbeid med visuell og materiell kultur bidreg til å styrkje sjølvbiletet og identitetsutviklinga til elevane, gir forståing av mangfald og skaper meining i tilveret.

Demokrati og medborgarskap

I kunst og handverk handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om at elevane blir utfordra til å reflektere kritisk over kunst, design og materiell og immateriell kultur og til å gi uttrykk for eigne opplevingar, tankar og meiningar. Gjennom møte med kunst og kultur og arbeid med visuelle ytringar kan elevane utvikle evne til å tolke, medverke i og endre samfunnet dei lever i.

Berekraftig utvikling

I kunst og handverk handlar det tverrfaglege temaet berekraftig utvikling om at elevane gjennom praktisk skapande arbeid utviklar evne til å sjå forbetringar i produkt og til å utforske meir berekraftige levesett for framtida. Kritisk undersøking av forbrukskultur og erfaring med bruk og gjenbruk av materiale kan gi elevane grunnlag for å gjere etiske val. I arbeid med

teknologi, materiale og produktutvikling kan elevane styrkje medvitnet sitt om kva innverknad naturen har på menneske, og korleis levestiltinga til mennesket påverkar naturen og klimaet.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i kunst og handverk er å kunne setje ord på og reflektere over estetiske opplevingar og skapande prosessar. Det inneber å bruke fagomgrep i dialog, samtalar og munnlege presentasjonar. Utviklinga av munnlege ferdigheiter i kunst og handverk går frå å kunne fortelje om eigne observasjonar og opplevingar til å kunne beskrive visuelle verkemiddel, handverk og kunst- og kulturhistoriske referansar.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i kunst og handverk er å kommunisere visuelt gjennom teikn og symbol. Det inneber òg å kunne skrive tekstar for å synleggjere idear, val og meiningar under det praktiske arbeidet. Vidare omfattar det å kunne kombinere tekst og bilete i arbeid med layout og andre visuelle uttrykk. Utviklinga av å kunne skrive i kunst og handverk går frå å kunne setje saman tekst, teikn og symbol til å kunne auke lesbarheit, tilpasse tekst til føremålet og gjere kreative samanstillingar av visuelle verkemiddel.

Å kunne lese

Å kunne lese i kunst og handverk er å tolke, forstå og vurdere visuelle og materielle omgivnader. Å kunne lese tekniske teikningar og tilvisingar er sentralt i praktisk problemløysing og for å kunne vurdere form, funksjonalitet og haldbarheit. Utviklinga av å kunne lese i kunst og handverk går frå å kjenne att og avkode til å reflektere kritisk over visuelle verkemiddel og kulturelle referansar.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i kunst og handverk er å bruke matematiske framgangsmåtar i praktisk skapande arbeid. Det inneber å ta nøyaktige mål, å berekne målestokk, volum og proporsjonar og å utforske konstruksjonen av mønster, form og rom. Utviklinga av å kunne rekne i kunst og handverk går frå å kunne følgje ein gitt framgangsmåte til å kunne bruke matematiske framgangsmåtar som verktøy i eiga problemløysing.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i kunst og handverk inneber å kunne bruke digitale verktøy og medium til inspirasjon, utprøving, dokumentasjon og presentasjon. Det

inneber òg å bruke digitale verktøy og programmering i kreative og skapande prosessar. Kjennskap til reglar om opphavsrett og personvern når ein bruker egne eller andre sine bilete, filmar og skapande arbeid, er vesentleg på alle trinn. Utviklinga av digitale ferdigheiter i kunst og handverk går frå å bruke enkle, digitale verktøy og medium til å forme egne digitale produkt som skaper opplevingar og kommuniserer kjensler, idear og meiningar.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering 2. trinn

Kompetansemål etter 2. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- bruke handverksteknikkar og handverktøy i utforming av tre, leire og tekstil på ein miljømedviten og trygg måte
- undersøkje eigenskapar ved materiale og dele sanseerfaringar
- utforske ulike visuelle uttrykk og byggje vidare på ideane til andre i eige skapande arbeid
- eksperimentere med form, farge, rytme og kontrast
- studere form gjennom å teikne, male og fotografere
- skape forteljingar ved hjelp av digitale verktøy etter inspirasjon frå lokale og nasjonale kunstverk
- førestille seg og beskrive framtida gjennom teikning og modellar
- planleggje og konstruere i naturmateriale etter inspirasjon frå samisk og lokal byggeskikk
- vise fram og presentere objekt gjennom utstilling eller samling

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i kunst og handverk på 1. og 2. trinn når dei bruker hender og verktøy til å forme i forskjellige materiale, fortel gjennom digitale og visuelle medium og samtalar om opplevingar av kunst, gjenstandar og bygningar.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom at elevane får varierte sanseerfaringar, bidra i praktisk utforsking og dele idear og opplevingar. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i kunst og handverk. Elevane skal få moglegheit til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og kva dei får til betre enn tidlegare. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i å fortelje

gjennom bilete, forme i materiale og delta med egne meiningar i skapande prosessar.

Kompetansemål og vurdering 4. trinn

Kompetansemål etter 4. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- bruke handverktøy og samanføyingsteknikkar i tre, leire og tekstil på ein miljømedviten og trygg måte
- prøve ut ulike idear og moglegheiter i gjenbruksmateriale og formidle til andre korleis ein i eigen kvardag kan bidra til å ta vare på natur og miljø
- gjennomføre kunst- og designprosessar ved å søkje inspirasjon, utforske moglegheiter, gjere val og lage egne produkt
- undersøkje korleis tradisjonshandverk, inkludert samisk handverk, utnyttar eigenskapar i naturmateriale, og bruke erfaringar til å lage enkle bruksgjenstandar
- samtale om bruk, funksjon og materialval i ulike bygningar og lage skisser med forslag til ny arkitektur
- tolke former og symbol frå ulike kulturar og bruke desse i visuelle uttrykk
- teikne form og djupn ved bruk av verkemiddel som overlapping og forminsking
- bruke enkle komposisjonsprinsipp i fotografi og digitale verktøy
- utforske mangfald i motiv og visuelle uttrykk i kunst frå ulike verdsdelar og lage ein digital presentasjon
- formidle og vise fram eige arbeid gjennom utstilling

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i kunst og handverk på 3. og 4.trinn når dei prøver ut handverksteknikkar, digitale verktøy og visuelle uttrykk og tek del i skapande prosessar. Vidare viser og utviklar dei kompetanse når dei samtaler om kva kunst, gjenstandar og bygningar fortel om tankane og behova til menneske.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte praktiske oppgåver og ved at elevane får uttrykkje tankar og meiningar gjennom skapande prosessar. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i kunst og handverk. Elevane skal få moglegheit til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og kva dei får til betre enn tidlegare, når det gjeld både prosess og produkt. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i idéutvikling,

problemløysing i materiale, visuell formidling og samtale om handverk og kulturuttrykk.

Kompetansemål og vurdering 7. trinn

Kompetansemål etter 7. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- bruke ulike handverktøy og elektriske verktøy for å arbeide vidare med og samanføre harde, plastiske og mjuke materiale på ein trygg og miljømedviten måte
- undersøkje materiala i ulike gjenstandar og vurdere funksjon, haldbarheit og moglegheiter for reparasjon og gjenbruk
- byggje og eksperimentere med stabile konstruksjonar
- bruke ulike strategiar for idéutvikling og problemløysing
- bruke digitale verktøy til å planleggje og presentere prosessar og produkt
- teikne form, flate og rom ved hjelp av verkemiddel som kontrastar, skugge, proporsjonar og perspektiv
- utforske og reflektere over korleis kjensler og meiningar blir viste i kunst og bruke symbolikk og farge til å uttrykkje kjensler og meiningar i eigne arbeid
- analysere visuelle verkemiddel i ulike medium og belyse eit aktuelt tema gjennom foto eller infografikk
- beskrive mangfaldet i klestradisjonar eller gjenstandar, inkludert samiske, og lage eit produkt med inspirasjon frå kulturarv
- undersøkje korleis kjønnsroller blir viste i kulturelle uttrykk før og no, og lage visuelle uttrykk som utfordrar stereotypiar
- bruke programmering til å skape interaktivitet og visuelle uttrykk
- designe og lage ei utstilling som viser fram prosess og produkt

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i kunst og handverk på 5., 6. og 7. trinn når dei bruker ulike kreative strategiar for å skape visuelle uttrykk og funksjonelle løysingar. Vidare viser og utviklar dei kompetanse når dei reflekterer over visuelle verkemiddel, kulturelle referansar, handverkskvalitet og miljøbelastning.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte praktiske oppgåver i verkstadene og ved at elevane får komme med forslag til endringar i forbruk og visuelle omgivnader. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i kunst og handverk. Elevane skal få moglegheit til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei

opplever at dei får til, og kva dei får til betre enn tidlegare, når det gjeld både prosess og produkt. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i kreative prosessar, miljømedvite forbruk, handverk, visuell kommunikasjon og vurdering.

Kompetansemål og vurdering 10. trinn

Kompetansemål etter 10. trinn

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- utforske moglegheiter innanfor handverksteknikkar og eigna teknologi ved å arbeide vidare med og samanføre harde, plastiske og mjuke materiale
- vurdere haldbarheita til materiale og moglegheiter for reparasjon og gjenbruk, og bruke ulike verktøy og materiale på ein formålstenleg og miljømedviten måte
- utvikle løysingar gjennom ein stegvis designprosess og vurdere haldbarheit, funksjon og estetisk uttrykk
- utforske korleis digitale verktøy og ny teknologi kan gi moglegheiter for kommunikasjonsformer og opplevingar i skapande prosessar og produkt
- visualisere form ved hjelp av frihandsteikningar, arbeidsteikningar, modellar og digitale verktøy
- analysere korleis identitet og stadtilhøyrse blir kommunisert i arkitektur, klestradisjonar, kunst eller gjenstandar, og integrere kulturelle referansar i eige skapande arbeid
- undersøkje korleis kunst, inkludert samisk kunst, kan bidra i samfunnskritikk, og skape kunstuttrykk som belyser utfordringar i eiga samtid
- reflektere kritisk over visuelle verkemiddel og eksperimentere med ulike visuelle uttrykk i ein skapande prosess
- lage skisser til fornying av lokale omgivnader og modellere arkitektoniske løysingar som tek vare på ulike behov og interesser
- fordjupe seg i ei visuell uttrykksform og/eller ein handverksteknikk, utforske moglegheiter gjennom praktisk skapande arbeid og presentere val frå idé til ferdig resultat

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utviklar kompetanse i kunst og handverk på 8., 9. og 10. trinn når dei bruker ulike kreative strategiar og praktisk problemløysing i arbeid med visualisering, ulike materiale og digitale verktøy. Vidare viser og utviklar dei kompetanse når dei reflekterer over miljømedvite forbruk, visuelle verkemiddel, kulturelle referansar og handverkskvalitet.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte praktiske oppgåver i verkstadene og ved at elevane får belyse utfordringar i samtida gjennom skapande prosessar. Læraren og elevane skal vere i dialog om utviklinga til elevane i kunst og handverk. Elevane skal få moglegheit til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få moglegheit til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over eiga fagleg utvikling når det gjeld både prosess og produkt. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i praktisk problemløysing, kreative prosessar, visuell kommunikasjon og refleksjon over visuell og materiell kultur.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetanse eleven har i kunst og handverk ved avslutninga av opplæringa etter 10. trinn. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at elevane får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i kunst og handverk basert på kva eleven viser av handverksferdigheiter i ulike materiale, og på eleven sin bruk av kreative strategiar og kompetanse i å visualisere idear. Karakteren skal òg vere basert på korleis eleven reflekterer over estetiske uttrykk, kulturelle referansar, funksjon og haldbarheit i eigne og andre sine arbeid.

Vurderingsordning

Standpunktvurdering

10. trinn eller på det trinnet faget blir avslutta: Eleven skal ha éin standpunkt karakter.

Eksamen for elevar

10. trinn eller på det trinnet faget blir avslutta: Eleven har ikkje eksamen.

Eksamen for privatistar

10. trinn eller på det trinnet faget blir avslutta: Det er ikkje privatistordning i faget.